

Voss Musikkråd  
Postboks 417  
5702 Voss

## ÅRSMELDING 2008

### Voss musikkråd

Årsmøtet 2007 vart halde på vanleg stad, i Velferdssentralen i Sosialbygget 29.11. 2007. Det var eit heller lågt frammøte med 6 representantar frå medlemslaget. Til underhaldning hadde vi fått tak i Aleksander Røynstrand som er elev på musikklinja ved Voss Gymnas og han spelte nokre flotte slåttar på hardingfele.

Møtet vart opna av leiaren i VMR og ynskte dei frammøtte hjartelag velkomen. Han vart vald til møtestyrar og Tone Handegård vart vald til referent. Det var ingen merknad til innkallinga og saklista. Det var heller ikkje kome inn saker til handsaming av årsmøtet.

Årsmeldinga vart så delt ut og leiaren gjekk gjennom ho. Møtelyden fekk så hove til å stilla spørsmål eller kommentera sakene som styret hadde handsama i 2007. Rekneskapen vart så lagt fram og gjennomgått av kasserar og revisor. Møtedeltakarane fekk hove til å stilla spørsmål til rekneskapen og det vart uttrykt glede over at gjelda gjekk stadig nedover. Elles var det få kommentarar og årsrekneskapen vart såleis godkjent.

Valnemnda la så fram sitt forslag til det nye styret og såleis har styret dette arbeidsåret vore samansett slik:

Leiar: Brynjulf Norheim  
Nestleiar: Snialvur Joanesarson  
Kasserar: Kjartan Ringheim  
Sekretær: Grete Søvik  
Styremedlem: Aslak Himle

Varamedlemmer: Brynjulf Prestegård  
Karoline Gjelland Lid  
Terje Støve

Revisorar: Jostein Bøyum  
Kirsten Takvam

Valnemnd: Frode Borge  
Per Arne Larsen  
Tone Handegård

## **Styret.**

Styret har i dette arbeidsåret hatt 7 ordinære styremøte og handsama 35 saker. Førebelts held vi til i Denjabygget, men ser fram til å få eige lokale i det nye kulturhuset som er under bygging.

Leiaren er fast medlem i Kontaktorganet for distriktsmusikarane og leiar i Samarbeidsutvalet for Voss kulturskule. Kjartan Ringheim har hatt hovudansvaret for utleige av Friluftscenen. Styret har ingen ungdomsrepresentant lenger, noko vi bør prøva å få inn att .

## **Saker og aktivitetar i 2008**

Dette året har vore jamtover godt og roleg utan noko spesielle tilfelle av uhell på Friluftscenen eller storhendingar med konsertarrangement. Einaste unntaket er konserten vi arrangerte for det engelske symfoniorkesteret "Durham University Orchestral Society" i Nain på Langfredag. Dette orkesteret var på turnè her i landet og det høvde at dei la turen innom Voss i påskehelga. Vi var noko skeptiske til denne datoен, men var einige i at det kunne vera eit fint tilbod til folk som var heimeverande og som ikkje var interessert i å gå på ski. Trass i dette, så var ikkje frammøtet særleg stort, men me delte potten med orkesteret og tente nokre ekstra kroner til VMR likevel. Voss kommune tok kostnaden med lokalleige.

Tidleg i vinter laga styret til eit informasjonsskriv som vart sendt ut til alle medlemslag med opplysningar som kunne vera til nytte og glede for mange av laga. Samtidig bad me om tilbakemelding når det gjaldt endringar i styra rundt om. Vi ynskjer alltid å ha namnet og adressa(internet eller tlf) på ein kontaktperson i kvart medlemslag til kvar tid som ein kan vende seg til. Diverre var svarprosenten låg og vi ynskjer å oppmoda laga om å bli flinkare til å informere oss om dette. Inkludert i brevet var opplysningar om tilskotsordningar og fristar, og elles økonomisk hjelp vi kan ordne med direkte. Men vi ynskjer spesielt å vera à jour med dei sitjande styra rundt om.

Tilrådinga av det kommunale kulturtorskotet gjekk som vanleg greitt i år. Dette tilskotet har lege på kr.100.000,- dei siste åra og det vert truleg ikkje auka slik stoda er i kommuneøkonomien for tida. Det som bør nemnast er at vi hadde berre 8 søkjavar av ca.25 medlemslag. Dette kan tolkast som om mange av laga har god økonomi eller at dei ikkje kjenner si "besøkelsestid". Det bør såleis presiserast at fristen er 1.mai kvart år. Det gode med så lågt søkjartal er at det vert meir til kvart lag, og kanskje til dei som treng det mest.

Tilskotet som vi gjev 1.8. og 17.mai direkte til korpsa som er i sving desse dagane, er på kr. 40.000 og har vore ganske stabilt dei siste åra. Det er ynskjeleg at desse medlemslaga sender inn rapport straks etter utført spelning inkludert reiseutgifter.

Vår eigen økonomi er i stadig betring og gjelda vår går stendig nedover. Inntektene våre på utleige av Friluftscenen ligg på stort sett det same som før. Det vart ikkje arrangert "Vangsen Live" denne sommaren og grunnen til det er at dei slit med eit etterslep når det gjeld økonomien. Vi hadde eit uteståande krav i fjor og dette har vi fått halvert i år.

Vi har elles nett fått ei gladmelding frå kommunen om at det gamle flygelet som var finansiert av innsamla midlar ein gong på 1950-talet(1957), er no vorte seldt og salssummen på kr. 10.000,- vert overført til VMR. Flygelet, som er eit Grothian-Steinweg, har hatt eit omflakkande liv, Kinosalen, Folkemuseet på Mølster, Ungdomsskulen og sist til Vetleflaten og då ingen instansar korkje i kommunen eller i det friviljuge musikklivet på Voss var interessert, vart instrumentet utlyst til sal. Ein interessert kjøpar melde seg og no er instrumentet selt. Vi takkar.

## Friluftscenen

I løpet av dette året har vi fått gjort det resterande arbeidet på Friluftscenen ferdig slik at han er no i godkjent stand.

Innbrotet i pumpehuset tidlegare i haust har ikkje gått utover Friluftscenen, men han har diverre på nytt vorte utsett for tagging og dette vert vel noko me må leva med så lenge det ikkje er noko stengsle framfor sjølve scenen. Det er vanskeleg å få vekk denne tagginga så vi lyt få tak i ei veske som fjernar den lett,

Det som elles er eit problem for oss er straumutgiftene. Dei veks frå år til år og vi bør prøve å få endra tariffen evt.nettleiga om det går an.

Kvar vår stiller styret opp for å vaska scenen. Det er både fugleskit og mykje anna skit som ligg att etter vinteren, men om sommaren er scenen ganske bra.

26.11.08

bn